

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Tertnes, 10.08.18

Bruk av bilde av elevar på Tertnes vidaregåande skule

Tertnes vidaregåande skule ynskjer av og til å legge ut bilde av elevaktivitet og elevar i arbeid på skulen sine heimesider, Facebooksider, infotavler og andre informasjonskanalar. Vi kjem ikkje til å legge ut namn på elevane og det vil i all hovudsak vere gruppebilde vi vil bruke.

Føresette og den det gjeld, har rett til å nekte at der vert brukt bilde av ein person på internett. Tertnes vidaregåande skule gjer med dette merksam på kva vi ynskjer å gjere, og ber om at dersom nokon ikkje ynskjer å vere del av bildematerialet på digital og trykt informasjon om skulen, så tek dei kontakt med skulen og gjer oss merksame på dette.

Vi håper at dei aller fleste elevar (og føresette) ikkje har noko imot å bli brukt i slike illustrasjonar. Vi ynskjer god og informativ informasjon om skulen vår og treng fine bilde som ein del av presentasjonen.

Beste helsing

Line Skage
Tertnes vidaregåande skule